



**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Merete og Børge Brundtland

Ikenberget 25A  
5911 ALVERSUND

**Dykkar ref.**

**Sakshandsamar:**

Siril Sylta

**Vår ref.**

2013/437 - 0 -  
6645/2013

**Telefon**

**Arkivkode:**

137/565

**Dato:**

12.03.2013

*Delegert sak*

### **Førehandsvarsel om pålegg om retting og tvangsmulkt etter pbl § 32-2 - gbnr 137/565 Alver**

Kommunen hadde synfaring i området 13.01.2012, der det vart gjort ei kartlegging av tiltak langs den kommunale vegen, her murar, gjerde, hekk m.v. På bakgrunn av det som vart avdekka under synfaringa har kommunen vurdert tiltaka, og vil i første rekkje følgje opp dei tiltaka som er vurdert å vera mest alvorleg og som medfører trafikkfare.

#### **Saka gjeldt:**

Det vert vist til oppført mur på Dykkar eigedom mot kommunal veg. Kommunen kan ikkje finne at muren er omsøkt eller godkjent i sine arkiv. Muren er oppført i strid med den regulerte byggegrensa mot kommunal veg. Dykkar eigedom er vist som nr. 7 på kartet, den stipla linja mot veg er byggegrensa.



Mur medfører at avkjørsla til eigedommen ikkje oppfyller dei tekniske krava til avkjørsel, da muren er plassert i siktsona til eigen avkjørsel, samt i siktsona til nabo på gbnr 137/566. Slik muren står i dag er den ein trafikkfare for området.





Muren er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-1 1.ledd bokstav a, som krev bruk av ansvarleg føretak. Den oppførte muren er i strid med plan- og bygningslova og gjeldande reguleringsplan. På bakgrunn av dette vert det varsla at det vil bli gjort vedtak om pålegg om retting og tvangsmulkt for å få brakt forholdet i lovlege former.

#### **Innsending av søknad:**

I dette høve vil ikkje muren kunne godkjennast slik den står i dag, då muren er plassert i strid med byggegrense mot kommunal veg og tek siktsona for eigen og nabo sin avkjørsel. Eventuell mur på eigedommen må tilpassast eigedom, avstand til veg og utformast slik at krava til sikt for avkjørsle kan oppfyllest ved ein eventuell søknad.

Ved innsending av søknad etter pbl § 20-1, må det tas kontakt med kvalifisert føretak som står ansvarleg for søknad, prosjektering, utføring og eventuell kontroll, jf. pbl § 23-1. Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-1 skal innehalde opplysningar som følgjer av byggesaksforskrifta (SAK10) § 5-4 med rettleiing i den utstrekning dei er relevante for tiltaket og naudsynt for kommunen si behandling.

Det er søkjars ansvar at søknaden er i samsvar med reglane i plan- og bygningslova, byggteknisk forskrift (TEK10) og SAK 10, at nabovarsling vert utført i samsvar med pbl § 21-3 og at dei naudsynte dispensasjonar er omsøkt.

Søknaden vert handsama etter gjeldande regelverk. Dersom komplett søknad ikkje er mottatt eller tiltaket ikkje er tilbakeført innan fristen kan det bli fastsett tvangsmulkt. Dersom søknaden vert avslått må tiltaka tilbakeførast.

#### **Når det gjeldt krav til avkjørsel vert det vist til følgjande:**

Veglova §§ 40-43, vegnormal 017 og forskrift av 1964 om "alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler frå offentlig veg.

Veglova §§ 40-43, samt forskrift av 1964 er tilgjengelig på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)

Vegnormal 017 er tilgjengelig på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)

Ved spørsmål om teknisk utforming av avkjørsel kan Lindås kommune v/Teknisk drift kontaktast.

#### **Førehandsvarsel om pålegg om retting:**

Etter pbl § 32-2 vert det gjeve varsel om at kommunen med heimel i pbl § 32-3 kan fatte vedtak om pålegg om retting, dersom tiltaka ikkje er tilbakeført eller brakt i lovlege former **innan 31.05.2013**. Lindås kommune må underrettast skriftleg at retting er utført innan fristen.

**Førehandsvarsel om tvangsmulkt:**

Etter pbl § 32-2 vert det gjeve varsel om at kommunen med heime i pbl § 32-5 kan gje vedtak om fasetting av tvangsmulkt dersom det ulovlege tiltaket ikkje er retta innan fristen og dette ikkje er dokumentert **innan 31.05.2013**. Alternativt må komplett søknad vera innsendt innan fristen.

**Rettar:**

Etter pbl § 32-2 har De rett til å uttala Dykk før det vert fatta vedtak om pålegg om retting og tvangsmulkt. Frist for uttale **er 3 veker frå brevets dato**, jf. pbl § 32-2 1.ledd.

Med helsing

Einar Urheim  
fagleiar byggesak

Siril Sylta  
rådgjevar